




Kultur- og kirkedepartementet, Kirkeavdelingen

Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

Saksbeh.: Bjarte Nordås
Direkte tlf.: 37185203
E-post: bjarte.nordas@amli.kommune.no

Vår ref.: 2006/960 - 6
Dato: 28.12.2006


NOU 2006: 2 STATEN OG DEN NORSKE KIRKE - HØYRING



VEDTAK I KOMMUNESTYRET:

Kommunestyret anbefaler at dagens statskyrkjeordning videreførast innanfor gjeldande grunnlovsbestemmelsar.

Med helsing


Bjarte Nordås
rådmann

Kopi til eksterne mottakarar:
Åmli fellestråd



ÅMLI KOMMUNE

SAKSUTGREIING

Saksbehandlar: Bjarte Nordås, rådmann - Rådmannen
Dir.tlf./e-post: 37185203, bjarte.nordas@amli.kommune.no
Saksordførar: Gerd-Eli Hansen

Dato: 16.11.2006
Arkivref: 2006/960 - 1

Utv.saksnr:	Møtedato:	Utval:
06/11	27.11.2006	Eldrerådet
06/130	30.11.2006	Kommunestyret

NOU 2006: 2 STATEN OG DEN NORSKE KIRKE - HØYRING

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG:

Saka vert lagt fram utan framlegg til tilråding.

BEHANDLING I ELDRERÅDET - 27.11.2006

Framlegg frå Sverre Kløvfjell:

Eldrerådet anbefaler at dagens statskyrkjeordning vidareførast innanfor gjeldande grunnlovsbestemmelsar.

Framlegg frå Olav Wiik:

Åmli Fellestråd sitt mindretalsframlegg.

Avrøysting:

Ved alternativ votering vart framlegget frå Sverre Kløvfjell vedteke med 3 mot 2 stemmer.

TILRÅDING I ELDRERÅDET:

Eldrerådet anbefaler at dagens statskyrkjeordning vidareførast innanfor gjeldande grunnlovsbestemmelsar.

BEHANDLING I KOMMUNESTYRET - 30.11.2006

Framlegg frå Sveinung Seljås:

Åmli kommunestyre gir ingen høyringsuttale i høve NOU 2006:2, Staten og Den norske kirke.

Framlegg frå AP v/Reidar Saga:

Kommunestyret anbefaler at dagens statskyrkjeordning vidareførast innanfor gjeldande grunnlovsbestemmelsar.

Framlegg frå Sveinung Seljås:

Mindretalet i Åmli fellestråd si innstilling.

Avrøysting:

Framlegget frå Sveinung Seljås om å ikkje gje uttale fall med 7 mot 14 stemmer.

Ved alternativ votering over framlegget frå Reidar Saga og Sveinung Seljås sitt andre framlegg vart framlegget frå Reidar Saga vedteke med 19 mot 2 stemmer.

VEDTAK I KOMMUNESTYRET:



Kommunestyret anbefaler at dagens statskyrkjeordning videreførast innanfor gjeldande grunnlovsbestemmelsar.

**SAKSVEDLEGG:**

- 1 NOU 2006:2 STATEN OG DEN NORSKE KIRKE -Kortversjon
- 2 Høringsuttale Åmli fellestråd datert 15.11.2006
- 3 Høyringskjema fra Åmli fellestråd
- 4 Høyringsuttale Staten og Den norske kirke utarbeidd av mindretallet i Åmli fellestråd Sveinung Seljås

ANDRE SAKSDOKUMENT:

NOU 2006:2 Staten og Den norske kirke

KORT OM SAKA:

Statsråd Giske i Det kongelige kultur- og kirkedepartementet skriv i brev til høyringsinstansane av 24.04.06.

"Det offentlige utvalget som har utredet forholdet mellom stat og kirke, avgav sin utredning 31. januar 2006, NOU 2006:2 Staten og Den norske kirke. Formålet med utredningsarbeidet var å skaffe grunnlag for å treffe beslutning om statskirkeordningen skal videreføres, reformeres eller avvikes. Med henblikk på dette formålet ble utvalget bedt om å vurdere statskirkeordningen i sin helhet, mulige eller ønskelige reformer innenfor ordningen og alternativ til statskirkeordningen. Utvalget skulle også vurdere ulike finansieringsordninger, gravferdsforvaltningen, ordninger for ivaretagelse av fredede og verneverdige kirker og ulike eiendomsrettslige spørsmål.

Utvalgets flertall, 18 av de 20 medlemmene, anbefaler at statskirkeordningen oppheves. Blant flertallet anbefaler 14 medlemmer at Den norske kirke organiseres som en "lovforankret folkekirke", mens fire medlemmer anbefaler at Den norske kirke etableres som et selvstendig trossamfunn på lik linje med andre tros- og livssynssamfunn. To av utvalgets medlemmer anbefaler at dagens statskirkeordning videreføres innenfor gjeldende grunnlovsbestemmelser. Når det gjelder finansieringen, kommer utvalget med ulike anbefalinger i forhold til de tre hovedmodellene. Flertallet går likevel inn for at offentlige bevilgninger fortsatt skal stå for hovedfinansieringen av Den norske kirkes virksomhet. Medlemsbidrag vurderes også som finansieringskilde, enten som hovedfinansieringsmåte eller som supplement til offentlige tilskudd.

Jeg er nå særlig opptatt av å få høyringsinstansenes syn på de overordnede spørsmålene som gjelder statskirkeordningen og den framtidige organiseringen og finansieringen av Den norske kirke. Men det er også ønskelig å få synspunkt på de andre forslagene som utvalget har kommet med. Som utvalget selv påpeker, er det flere sentrale spørsmål/temaer som trenger nærmere utredning. Jeg har følgelig forståelse for at det kan være vanskelig å ta standpunkt både til spørsmålet om fortsatt statskirke og til mange av de enkeltspørsmålene som reises i kjølvannet av en eventuell endring i forholdet mellom stat og kirke. Til tross for det gjenstående utredningsarbeidet bør vi nå likevel søke å få avklart enkelte prinsipielle hovedspørsmål."

I tillegg til uttalen, ber Giske om at høyringskjemaet vert fylt ut.

MERKNADER/VURDERING:

Rådmannen viser til vedlegga som ligg ved saka.



Rådmannen ønsker berre å uttale seg i høve til finansieringa av kyrkja. Ordninga i dag med at både stat og kommune finansierer kyrkja er ikkje ei god ordning. Ordninga medfører at kommunen lett vert "syndebukken". Rådmannen kan ikkje sjå at det ligg framlegg i utgreiinga som vil rydde opp i dette på ein god måte.

Saka vert lagt fram utan framlegg til tilråding.